

Referat frå møte 16.11.2023

Dato: Torsdag 16.11.23 **Tidspunkt:** SMU: kl. 18:00 – 19:00 SU: kl. 19:00 – 20:00

Stad: Personalrommet på barnetrinnet

Desse møtte: Håkon Kyrkjerud Vaa 7. klasse, Omar Kanaan i 6. klasse

Vilde Tallakstad, Heidi Strånd frå FAU, Linda Thorsdalen frå fagforbundet, Kim Bringa frå Ap, Ingunn Haugland (rektor) og Audny Barstad (assisterande rektor)

SMU

1. Saker frå elevråda:

5.-7. trinn

Elevrådet har arbeidd med SOS-dagen. Dei delte m.a. ut kake til alle klassene.

Elevrådet arbeider også med elevkvelden 23. november. Då skal elevrådet ha leikar, spel, mat og underhaldning.

Elevrådet arbeider med å få til ei ordning som fungerer med ei ballkasse.

Regler og aktivitetar har også elevrådet arbeidd med, mellom anna for stikkball.

Elevane som er på framsida har ikkje tilgang til ein god akebakke- Dei ynskjer å få til ei ordning med å få køyre litt på baksida.

8. -10. trinn

Kjøpt ei postkasse ein skal bruke som forslagskasse på ungdomskulen.

Elevrådet har også samla inn stemmer knytt til skulegudsteneste,

og eit stort fleirtal av elevane på ungdomsskulen ynskte det.

Arbeider med å få til ein bytte/kjøpe-kveld knytt til kjolar og skuleballet.

Arbeider også med å få til betre sitjegrupper inne på ungdomskulen.

I år blei OD-dagen avlyst og det synest elevrådet var trist, og no arbeider dei for å få til noko kring dette.

2. Saker frå FAU:

Fått til lån av samlingsrommet på barneskulen for elevar frå 1. til 7. klasse.

Utstyrslaget på skulen ynskjer FAU å få ein oversikt på slik at ein kan supplere det.

FAU ynskjer eit sterkare fokus på bruk av mindre sukker, godteri og kaker i skulesamanheng.

17.mai-feiringa kan bli ei utfordring framover når klassene etterkvart blir mindre. Det kan føre til ei for stor arbeidsmengde på dei som skal drive arrangementet.

3. Saker frå skulen som gjeld skulemiljøet:

Ungdomstrinnet har starta opp med Mot, og frå 1. til 4. trinn er skulen med på Super.

Me er framleis veldig nøgde med å ha Tommy som LOS/miljørettleiar.

Elevundersøkinga blir gjennomført i desse dagar.

Det har ikkje kome nye toalett og inngang til kantina. Det er sett av pengar til det, men kommunen fekk ikkje tak i nokon til å bygge no i sommar.

4. Status nye toalett og inngang til kantine på ungdomstrinnet

Det er sett av 10 millionar til toalett på barne og ungdomskulen, men det er stillstand i arbeidet. Det er ikkje heldig. Toaletta på ungdomskulen er ein stad som ofte fører til forsamling av elevar samt unødvendige konfliktrar. Kvaliteten på toaletta på barneskulen er svært låg.

5. Eventuelt

Forhandlingar om ballbingen i vekene utover vinteren mellom barneskulen og ungdomsskulen.

Trafikksituasjonen ute ved skulen er som før. Framleis er overgangen ved Kioskbua og gangfeltet trafikkfarleg for vaksne og særskilt barn. Det er mørk, uoversiktleg og vanskeleg å sjå dei som strøymar inn på skuleområdet. Det opplevast kaotisk.

SU

1. Status økonomi 2023: Rekneskapet for 2023 ser ut til halde seg innanfor nåverande ramme.

2. Personalsituasjonen:

Me har ikkje faglærere og genrelt få vikarar. Det var ingen søkarar til 200 % fødselsvikariat som var lyst ut. Me har også ein stilling som blir ledig no som lærar/spesialpedagog eller vernepleiar/fagarbeidar. Andre kommunar strevar også svært med å få inn lærarar på skulane, og det blir viktig å halde godt på dei kreftene me har no.

3. Budsjett 2024:

Det har vore ein prosess prega av at ein har vore bakpå. Rådmannen sitt framlegg skulle vore lagt fram 2. november. Noko av grunnen er nok bruken av eit nytt program og at ein har undervurdert kor mykje implementeringa av det kostar av tid og krefter. Det har ikkje vore møte med leiarar på sektoren for å drøfte prioritering av tiltak.

Ungdomsskulen blir kjempestor i elevtal neste år, med 132 elevar. Store kull i Flatdal fyller opp saman med elevane frå Seljord. Elevtalet på skulen totalt held seg stabilt på ca. 270 elevar. Det er i tillegg lagt opp til å ta i mot fleire flyktningar.

Skulen har fått beskjed om å redusere drifta 1,6 millionar i 2024. Fekk beskjeden fredag 10. november og skulle vera gjort innan måndag 13. desember. Det var ikkje tid til prosess med tillitsvalde.

Konsekvensar av reduksjonen: Det vil mangle faglærar i norsk og matematikk på ungdomstrinnet. Dette er svært kritisk. Særskilt norskopplæring vil bli redusert til eit absolutt minimum på småtrinnet og mellomtrinnet. Elevar med rett til spesialundervisning vil miste det både på mellomtrinnet og ungdomstrinnet. Fleire lovkrav vil bli brote m.a. §5-1 (spesialundervisning) og §2-8 (særskilt språkopplæring).

Ei realistisk innsparing er ei pedagogstilling (100%) med 5/12 effekt i 2024 (frå august) og med full effekt vidare i økonomiplanperioden.

4. Finansiering av skuletur på 10. Trinn :

Prøvar tur til Utøya-Rjukan-Grini gjennom Aktive Fredsreiser for fyrste gong dette skuleåret. Det er ein veldig relevant tur i dagens samfunn. Det har ligge 50 000,- kroner frå kommunen, men det er urettferdig med tanke på forskjellen på storleiken på klassene, så skulen arbeider med å få til ei støtte knytt til kvar elev, slik at det blir rettferdig.

Tiltaket er spela inn i budsjettprosessen.

5. Eventuelt: Ingen saker på eventuelt.

Ref. Audny Barstad